

Skikrinsstyret@

Sakshand.: KD/FÅ

Dato: 05.11.2022

Arkivk.: styret/møter/protokoll/21-23

PROTOKOLL MØTE NR. 10 I SKIKRINSSTYRET, 2021-2023
--

Stad: Trivselshallen, Sandane

Tidspunkt: Laurdag 5. november 2022, kl. 09.00-09.45

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 70 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 71 21-23 Skikrinstinget 2023 og 100 års jubileum

SAK 72 21-23 Bil til skiklubbutviklar

EVENTUELT

TIL STADES: Finn Årdal, Tonje N. Tangerud, Anne Marie Svarstad, Anders Engeland, Tor Arne Hov, Roger Ellingsund, Jan Inge Årdal, Melanie Hetkamp-Andersen (skiklubbutviklar) og Kennet Dvergedal (adm.)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 70 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 71 21-23

Skikrinsting og 100 års jubileum

Bakgrunn

Skikrinsstyret oppretta ein komité som jobbar med ulike måtar å markere 100 års jubileum for Sogn og Fjordane Skikrins. Skikrinstinget 2023 blir eit arrangement for å markere 100 års jubileum.

Jubileumskomiteen hadde sitt første møte 07.09.2022, referat frå møtet er lagt som eige vedlegg.

Skikrinsstyret vedtok dato for Skikrinstinget 2023 per e-post. Dato for Skikrinstinget er satt til 20. og 21. mai 2023.

Jubileumskomiteen ønskjer rammer for budsjett. Tinget har ein vesentleg kostnad, med utgifter til møtelokale, bevertning, evt. overnatting, kan dette vere med å sette rammer for budsjett. Det er henta inn pristilbod frå fleire hotell.

Oversikt ligg som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å legge Skikrinstinget til Sunnfjord Hotel Førde. Vidare gjer Skikrinsstyret vedtak om å leggje førebelse rammer for budsjett til markering av 100 års jubileum på inntil kr. 100 000. Desse midlane vil kome i tillegg til kostnadar med Skikrinstinget.

SAK 72 21-23

Bil til skiklubbutviklar

Bakgrunn

Skiklubbutviklar ønskjer at skikrinsstyret diskuterer moglege løysingar for å legge til rette for ein bil, spesielt på vinterstid. Det blir stor reisebelastning knytt til jobben som skiklubbutviklar, i tillegg er det ein fordel med god plass for å kunne ta med utstyr.

Skiforbundet kan vere med å støtte økonomiske kostnadar til ei slik løysing.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å kartleggje tilbod frå ulike bilforhandlarar.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Leiar

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef